

EUs migrasjonsagenda: Kommisjonen varsler traktatbrotsaker mot Polen, Tsjekkia og Ungarn for ikkje å delta i EUs relokalisering

13. juni 2017

Kommisjonen la i dag fram fire framdriftsrapportar om tiltak under den europeiske migrasjonsagendaen. Denne agendaen skal sikre betre handtering av migrasjonsstraumane og styrke EUs yttergrenser. Rapportane blir lagt fram i forkant av møtet i Det europeiske råd neste veke. Migrasjonskommissær Dimitris Avramopoulos sa på ein pressekonferanse i ettermiddag at Kommisjonens har tre prinsipp for arbeidet på dette området: Respekt, ansvarsdeling og solidaritet. Desse tre prinsippa heng saman og gjeld alle medlemsland.

Dei fire rapportane knyter seg til:

- *Avtalen mellom EU-Tyrkia.* Avramopoulos sa den trass visse problem lever og har ført til færre flykningar til dei greske øyane i Middelhavet. Det er nå er viktig å auke returen av flykningar frå dei greske øyane for å redusere presset på der. Dette må skje i samsvar med internasjonal rett.
- *Europeisk kyst- og grensevakt* som nå er i ferd med å bli fullt operasjonell. Det er nå viktig at medlemslanda i samarbeid med dette byrået bidrar til retur av flykningar og sikrar nok ressursar til byrået.
- *Samarbeid og avtaler med land i Afrika og Asia som er sentrale opphavsland* for økonomiske flykningar eller transittland. Avramopoulos viste spesielt til samarbeidet med libysk kystvakt, men også arrestasjonar av menneskesmuglarar i opphavsland.
- *Felles innsats for relokalisering og gjenbusetting:* Polen, Tsjekkia og Ungarn har ikkje teke imot - eller gitt løfter om å ta i mot - flykningar under den vedtekne relokaliseringmekanismen det siste året (Tsjekkia tok i mot 12 for meir enn eit år sidan). Dette er grunnen til at Kommisjonen nå opnar traktatsbrotsaker mot desse tre land.

Austerrike og Slovakia har nyleg gitt lovnadar om å ta i mot flykningar og unngår derfor at det blir opna sak, sjølv om dei så langt ikkje har teke i mot nokon det siste året (Slovakia tok tidlegare i mot 16), jf. [denne tabellen](#). Danmarks unnatak på justisområdet gjer at landet ikkje er forplikta til å ta i mot noko under ordninga, og har ikkje (som Island, Liechtenstein, Noreg og Sveits) heller påtatt seg frivillige kvotar. [Slovakia og Ungarn](#) elles gått til EU-domstolen fordi landa meiner vedtaket om relokalisering er ulovleg.

Det var Polen, Tsjekkia og Ungarn som fekk mest merksemål på pressekonferansen til Avramopoulos. Han sa EU ikkje berre handlar om tilgang til EU-pengar eller sikkerheit, men også om å dele på oppgåvene i vanskelege tider og å etterleve europeiske verdiar. Det handlar om solidaritet med flykningar og med andre land både i EU (Italia og Hellas) og utanfor EU (Jordan, Libanon og Tyrkia). EU har gjort eit lovleg vedtak om relokalisering. Det er derfor ikkje berre eit moralisk og politisk spørsmål for dei tre landa å etterleve vedtaket, det er også ei juridisk plikt. Som kommentar til uro for sikkerheitsutfordringar og frykt om jihadistar blant migrantane, minna han om at det i all hovudsak er folk oppvaksne i Europa som har stått bak terroraksjonar i europeiske land. Han minna også om at dei flyktingane som blir relokalisert er registrerte og kontrollerte. Det er derfor dersom systemet med relokalisering ikkje fungerer, at vi vil sjå irregulære og ukontrollerte straumar av flykningar i EU.

Fleire av dei politiske gruppeiarane fekk også spørsmål om traktatbrotssakene på sine respektive pressekonferansar i dag tidleg. Både sentrum venstre-gruppa (S&D) og sentrum høgre-gruppa (EPP) ga støtte til Kommisjonen og understreka samstundes at det er viktig at EUs stats- og regjeringsjefar går frå ord til handling.

Kommentar

Migrasjon er – og vil fortsatt vere – ei stor utfordring for EU. Jamvel om Kommisjonen i dag viser til at avtalen med Tyrkia fungerer, har det kome over 60000 flyktningar over den såkalla sentrale middelhavsruta til Italia så langt i år. Enkelte har spådd at talet kan kome opp i 200000 på denne ruta i år. Det er ingen enkle løysingar på utfordringane i afrikanske land som raskt kan redusere migrasjonspresset derfrå og dei planlagde tiltaka vil berre gje effektar på lang sikt.

Det var elles interessant at kommissären i dag refererte til at EU ikkje berre handlar om pengar. Dette kan tolkast som eit varsel om at overføringerar frå EUs budsjett til land som Polen eller Ungarn, er avhengig av at dei etterlever sine plikter på andre områder. Forhandlingane om EUs langtidsbudsjett er alltid vanskelege. Dei kommande forhandlingane om det neste langtidsbudsjettet blir ikkje lettare av ein mindre pott når Storbritannia går ut av EU. Politikarar land som Sverige og Tyskland, kan finne det vanskeleg å argumentere overfor eigne veljarar at dei skal vere netto bidragsytarar til fattigare EU-land som ikkje er solidariske på migrasjonsområdet. I tillegg bidreg heller ikkje utviklinga knytt til rettsstatsprinsippa i Polen og Ungarn til auka overføringslyst hos andre EU-land.

Med helsing

Per S. Nestande

seniorrådgjevar
Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11
Mobil: +47 917 68 598
E-post: psn@stortinget.no